

## **§ 2-2 Val av generalforsamlinga**

*Generalforsamlinga skal ha 13 medlemer og 8 varamedlemer . Generalforsamlinga si samansetning skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt sparebankstiftinga si verksemd.*

*Kvart år skal det haldast innskytarval der dei medlemene som har gjort teneste lengst går ut og slik at valet vert gjennomført over ein 4 års turnus ved at det første året vert vald 4 medlemer og dei neste 3 åra vert vald 3 medlemer kvart år.*

*Medlemene skal veljast av og blant innskytarar som dei siste 6 månadane før kunngjeringa av valet , har hatt bustadadresse i kommunane/herada Eidfjord, Ullensvang, Kvam, Ulvik og Voss og har hatt innskot i Sparebanken Vest med over eit bestemt beløp som vert fastsett av styret i stiftinga. Ingen innskytar kan gje meir enn ei stemme.*

*5 innskytarvalde medlemer og 3 varamedlemer skal vera busette i region Aust som omfattar Ullensvang kommune og Eidfjord kommune.*

*5 innskytarvalde medlemer og 3 varamedlemer skal vera busette i region Nord som omfattar Ulvik herad og Voss herad.*

*3 innskytarvalde medlemer og 2 varamedlemer skal vera busette i region Vest som omfattar Kvam herad.*

*Som overgangsregel i forholdet mellom gamle og nye reglar skal gjelde at alle representantar beheld sin plass i generalforsamlinga for den periode dei er valde for , men at dei regionane som følgje av endringa får for mange representantar trappar dette ned til rett tal ved at utgåande representantar som er på val i 2020 og 2021 ikkje vert erstatta med nye.*

Generalforsamlinga vel ein valkomité med 3 medlemer. Valkomiteen skal førebu vala, herunder ta omsyn til at samansetjinga av generalforsamlinga skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemd. Leiar av generalforsamlinga skal vere leiar av valkomiteen. Valkomiteen innstiller kandidatar til styret og generalforsamlinga for kvart enkelt valområde. Vala skal organiserast av styret i stiftinga. Valet skal kunngjerast i minst ei lokalavis seinast 14 dagar før valet skal finne stad, og elles slik styret bestemmer. Valet kan gjennomførast ved brev, her under elektronisk post eller annan forsvarleg måte etter styret si nærare avgjerd.

Generalforsamlinga vert vald for 4 år. Varamedlemer skal veljast for 1 år. Vala til generalforsamlinga skal gjennomførast innan utgangen av april månad. Attval kan finna stad.

Innskytarvalt medlem i generalforsamlinga kan ikkje ha dette vervet i lengre enn 12 år samanhengande og ikkje lengre enn 20 år samla.

Generalforsamlinga vel sjølv leiar og nestleiar. Val av medlemer eller varamedlemer av generalforsamlinga skal skje innanfor den til ei kvar tid gjeldande lovgjevinga. Medlemer og varamedlemer av generalforsamlinga må ikkje ha styreverv eller vera tilsette i selskap som konkurrerer med Sparebanken Vest. Dersom noko medlem i løpet av funksjonstida kjem i ein slik situasjon, kjem varamedlemen inn i vedkomande sin stad. Dersom ein varamedlem kjem i nemnde situasjon, går vedkomande ut som varamedlem.